



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		41147/2012/C52/&13	Ingunn Bekken Sjøholm, 71 25 87 18	28.06.2012

Forslag til ny verdsarvpolitikk - høyringsvar frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal behandla den 25. juni forslaget om ny, heilskapleg verdsarvpolitikk. Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner det er høgst på tide at Norge får ein heilskapleg politikk for forvaltning av verdsarvområda i landet, med avklarte roller for ulike sektorar og forvaltningsnivå.
- Forvaltning av verdsarvområda er vanskeleg utan føreseielege rammer for drift og utvikling. Fylkesutvalet er derfor godt nøgd med at departementet no legg opp til ei statleg medfinansiering av verdsarvsentra. Dette vil ha stor betydning for Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv og utviklinga der. Fylkesutvalet meiner at staten sin del av finansieringa må vere minst 60 %.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner forslaget frå MD legg opp til ei god organisering av verdsarvarbeidet i Norge, og støttar forslaget om etablering av verdsarvsenter. Fylkesutvalet meiner det er viktig at vi her i Møre og Romsdal får byggje vidare på vår modell, men vil også understreke at samarbeidet med musea er svært viktig i dette arbeidet.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner det er viktig å få til eit godt samarbeid mellom relevante departement slik at verdsarvsentra møter ein koordinert statspart. Ansvaret for den nye heilskaplege verdsarvpolitikken må leggjast på eit høgare nivå enn hos kulturminneavdelinga i MD.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal vil trekkje fram det folkelege engasjementet, dei frivillige organisasjonane og grunneigarane sin plass i den nasjonale verdsarvpolitikken. Dette kjem ikkje klart nok fram i høyringsdokumentet.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er positive til at Statens naturoppsyn (SNO) får ei rolle når det gjeld å rapportere brot på plan- og bygningsloven innafor verdsarvområde.

- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner det er positivt at omgrepet verdsarv no får eit forvaltingsmessig innhald. Fylkesutvalet støttar forslaget om utarbeiding av forvaltingsplaner etter felles mal for verdsarvområda i landet.
- Eventuell buffersone som vert innarbeidd i kommunane sine planverkty må også sikrast statleg medfinansiering til nødvendige forvaltnings- og sikringstiltak.
- For fylkesutvalet i Møre og Romsdal er det viktig at grunnskolar, vidaregåande skolar, høgskolar og FoU-institusjonar i fylket vårt får ei sentral rolle i utdanning, kompetansebygging og forskning kring verdsarvverdiane.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal er samd i at utdanning i tradisjonshandverk, skjøtsel og prosjektstyring er viktige prioriteringar i arbeidet med forvaltning av verdsarven. Fylkesutvalet vil peike på at også frivillige organisasjonar og grunneigarar er viktig i dette arbeidet.
- Landbruket i verdsarvområdet må sikrast økonomiske ressursar slik at landskapen blir halde ope. Tilskot til landbruk, drift- og investeringstilskot som baserer seg på gamle husdyrraser og beiting bør prioriterast frå Landbruks- og matdepartementet i verdsarvområde.
- Fylkesutvalet vil utfordre Miljøverndepartementet til å samarbeide med Nærings- og handelsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet om kva verdsarvstatusen kan gi av verdiskaping og næringsutvikling i verdsarvområda. "Utvikling innanfor staden si tålegrense" er eit diffust omgrep og bør definerast i kvart einskild tilfelle. Regional naturmiljø- og kulturminneforvaltning har ei viktig rolle i den samanheng.
- Fylkesutvalet i Møre og Romsdal meiner staten må prioritere å sikre verdsarven vi har i dag slik at desse områda får eit operativt regime og ressursar som gjer at dei kan imøtekomme verdsarvkonvensjonen sine målsettingar.
- Når Regjeringa skal iverksetje den nye verdsarvpolitikken, er det viktig at styrkinga av det nasjonale nivået ikkje går på kostnad av auka ressursar til det lokale og regionale nivået, der forvaltninga skjer i praksis, og at den internasjonale satsinga ikkje fører til mindre ressursar til den nasjonale satsinga. Det er med utgangspunkt i god forvaltning av den nasjonale verdsarven Norge eventuelt kan bidra i internasjonal politikkkutforming.
- Verdsarven Geirangerfjorden og Nærøyfjorden er begge nasjonale ikon innan reiseliv og internasjonal marknadsføring. Den nye Verdsarvsstrategien må difor implementerast i den nasjonale reiselivsstrategien – Destinasjon Norge. Reiselivet som kulturbasert næring basert på dei store naturattraksjonane i Norge, er ein viktig faktor innan "vern ved bruk – politikken" som er vedtatt nasjonalt. Innan berekraftig reiseliv kan prosjekt som bl.a. Grøn fjord ha avgjerande betydning for ei fornuftig og framtidsretta forvaltning.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann